



Fylkesmann, kommunen

Postadresse: Postboks 8140 Dep.
NO-0033 Oslo, Norway
Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00
Telefaks: +47 24 13 10 05
E-post: postmottak@slf.dep.no
Internett: www.slf.dep.no

Kontaktperson: For kommunen: fylkesmannen

For fylkesmannen: SLF v/Seksjon direkte tilskudd

Org.nr.: NO 981 544 315 MVA
Bankkonto: 7694 05 02280

Vår dato: 27.05.2011

Vår referanse: 201100001-19/001

Rundskrivet erstatter:

Vedlegg:

Kopi til:

Utbetaling av produksjonstilskot og tilskot til avløsning ved ferie og fritid, etter søknad med frist 20. januar 2011

Utbetaling av produksjonstilskot og tilskot til avløsning ved ferie og fritid, etter søknad med frist 20. januar 2011 skjer onsdag 8. juni. Søkjar vil normalt ha pengane på konto innan fredag 10. juni. Statens landbruksforvaltning (SLF) vil òg informere om utbetalinga på www.slf.dep.no.

Denne utbetalinga omfattar:

- tilskot til husdyr
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon
- tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- tilskot til bevaringsverdige storferasar
- distrikts- og kvalitetstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker
- distriktstilskot for potetproduksjon i Nord-Noreg
- tilskot til avløsning ved ferie og fritid, 2010

Om lag til same tid vert det utbetalt kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot og tilskot til avløsning ved ferie og fritid til føretak som deltek i tiltaket "Friskere geiter".

Innhald

Utbetaling av produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid, etter søknad med frist 20. januar 2011	1
1 Vedtak og utbetaling	2
2 Satsar og utrekningsreglar.....	3
2.1 Tilskot til husdyr.....	4
2.2 Tilskot til bevaringsverdige storferasar	7
2.3 Driftstilskot til mjølkeproduksjon	7
2.4 Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon	8
2.5 Tilskot til økologisk landbruk.....	8
2.6 Distrikts- og kvalitetstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker og distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Noreg	8
2.7 Tilskot til avløyning ved ferie og fritid, avløyingsåret 2010	9
3 Særleg om tilskot ved overdraging av verksemd.....	11
3.1 Produksjonstilskot	11
3.2 Tilskot til avløyning ved ferie og fritid ved overdraging av verksemd i 2010	12
4 Reduksjonar i tilskot	12
5 Kravet om registrering i Einingsregisteret og storleik på omsetnad.....	13
6 Søknader som vert avslått og avvist.....	13
7 Søknader som er stoppa	15
8 Trekk i utbetalingar.....	15
9 Utbetalingar etter sentral utbetaling (manuelle utbetalingar)	16
9.1 Ny rutine for manuelle utbetalingar.....	16
9.2 Rutine for manuelle utbetalingar	16
9.3 Hjelpeutrekning	17
9.4 Køyning av manuelle utbetalingar	17
10 Særleg om tilskot til grønt- og potetproduksjon.....	17

1 Vedtak og utbetaling

Alle søkjarar, som har gyldig søknad, mottek ca 8. juni eit sentralt produsert brev. Brevet informerer anten om kommunen sitt vedtak, og syner grunnlaget for utrekning av tilskot, satsar og utbetalt beløp (tilskotsbrev), eller informerer om at søknaden enno ikkje er ferdig handsama. Kopi av tilskotsbrev, rapport PT-2230, er tilgjengeleg for kommunen via WESPA. Sjå òg lista PT-5040, som syner utbetalt beløp. Tilskotsbrev vert sende til den adressa som føretaket/bedrifta har i Einingsregisteret. Pengane vert overført til den kontoen som er oppført på søknaden, eller til ny konto, dersom forvaltninga har fått melding om dette. Dersom søkjar har skifta konto etter at søknaden vart sendt inn, men har gløymd å gje melding til forvaltninga, vil utbetalt beløp gå til kontoen som er oppført på søknaden. Bankane har ulik praksis med omsyn til korleis dette vert handsama. I nokre tilfelle vil banken overføre beløpet til kunden sitt nye kontonummer, og i andre tilfelle vert beløpet returnert til SLF. I slike tilfelle kan SLF ikkje setje i verk ny utbetaling av tilskot før beløpet er returnert til SLF og søkjar har gjeve *skriftleg* opplysning om nytt kontonummer. Bruk endringsskjema for kontonummer (SLF-056). Dette skjemaet kan hentast på www.slf.dep.no – skjema.

Søknader som ikkje er ferdig handsama før sentral utbetaling (stoppa søknader) må kontrollerast nøye før kommunen fatter vedtak. Desse søknadene har ikkje gått gjennom alle dei maskinelle kontrollane slik at dei er stoppa. Det er difor viktig at kommunen kontrollerer søknaden manuelt. Døme på manuell kontroll er at kommunen ber søkjar dokumentere at dyr av bevaringsverdig rase er 7/8 rasereine, eller at kommunen gjer oppslag mot www.debio.no for å finne ut om søkjar har avtale med Debio og om produksjonar det er søkt om tilskot til økologisk landbruk for, er godkjend som økologiske eller i karens.

I samband med handsaming av søknader og klage på vedtak viser SLF til forskrift 22. mars 2002 nr 283 om produksjonstilskudd i jordbruket, forskrift 8. november 2006 nr 1227 om tilskot til avløyising og retningsliner gitt i rundskriv 26/10, 27/10, 46/10 og 60/07. Forskriftene er vedlagt rundskriv 26/10. Dei finnas òg på www.lovdata.no.

Når det gjeld tilskot til økologisk landbruk, er det i enkelte høve avvik mellom www.debio.no, "oversikter og rapporter" og det som faktisk er godkjend som økologisk eller i karens. Ved slike høve må søkjar som meiner han har krav på meir tilskot enn han har fått ved den sentrale utbetalinga, dokumentere at han driv produksjonar som er godkjende av Debio i 2010. Merk at det er søkjaren som sjølv må leggje fram slik dokumentasjon.

I første halvdel av september vert dei manuelle utbetalingane kontrollert maskinelt. Resultatet av kontrollen får kommunen i listene PT-1201 og -895D. Det er viktig at kommunen går gjennom listene og gjer vedtak om tilbakebetaling om det er utbetalt for mykje tilskot.

Dersom utbetalinga av tilskot til avløyising ved ferie og fritid er stoppa, vert produksjonstilskotet utbetalt om søkjar fyller vilkåra for tilskotet. Dersom søknaden om produksjonstilskot vert stoppa, vert òg søknad om avløysartilskot stoppa.

2 Satsar og utrekningsreglar

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har fastsett satsane for utbetaling av tilskot for søknadsomgangen 20. januar 2011. For alle ordningane er endeleg sats lik dei førebelse satsane i jordbruksavtalen, sjå òg rettleiingshefte om produksjonstilskot i jordbruket ved søknadsomgangane 20. august 2010 og 20. januar 2011. Merk at alle satsar er fastsett i heile kroner.

Samanlikna med jordbruksavtalen er det ei endring. For slakta gris (kode 184 i søknad) vert det gitt tilskot til husdyr i intervallet 1-1229 dyr, ikkje 1-1400. Dette skyldes at tal slakta gris det er søkt tilskot for, er større enn 1 190 000 dyr, som er det maksimale talet dyr det kan gis tilskot for etter jordbruksavtalen. Det vert gitt tilskot til husdyr for 87,75 % av tal dyr i søknad.

2.1 Tilskot til husdyr

2.1.1 Satsar

Etter jordbruksavtalen 2010-2011 er maksimalt årleg beløp for tilskot til husdyr for kvart føretak 250 000 kroner, òg for samdrifter i mjølkeproduksjon. Om tal dyr ved søknadsomgangen 20. august 2010 var høgt nok, vart heile beløpet utbetalt då. Ved utbetaling av tilskot til husdyr etter søknad i januar 2011 vert tilskotet avgrensa, slik at utbetalt tilskot i alt for augustomgangen 2010 og januaromgangen 2011 ikkje vert meir enn maksimalbeløpet. Merk at tilskot til økologisk husdyrproduksjon ikkje vert rekna inn i maksimalt årleg beløp for tilskot til husdyr.

For nokre føretak må ammekyrne vere av minst 50 % kjøttferase for at det kan gis tilskot som ammeku. Dette gjeld føretak:

- der eigar/medeigar av føretaket også er deltakar i samdrift i mjølkeproduksjon
- som driv storfekjøttproduksjon på eigeidom eid heilt eller delvis av deltakar i samdrift i mjølkeproduksjon
- som driv storfekjøttproduksjon på eigeidom kor anna føretak driv mjølkeproduksjon
- som driv både mjølkeproduksjon og ammekuproduksjon

Som kjøttferase reknas: Hereford, Charolais, Aberdeen Angus, Limousin, Blonde d'Aquitaine, Highland Cattle, Dexter, Piemontese, Galloway, Salers og Kjøtt-Simmental. Sjå rettleiingsheftet kap. 2.9.3.

<i>Dyreslag (kode i parentes)</i>	<i>Intervall</i>	<i>Sats i kr pr. dyr ¹⁾</i>
Mjølkeku (120) ²⁾	1-16 17-25 26-50	1 850 872 278
Ammeku (121, evt. 118) ²⁾	1-25 26-50	1 905 725
Storfe (119, evt. 117) ²⁾	1-250	394
Mjølkegeit og mjølkesau (140 og 139) ²⁾⁵⁾	1-125 126-250	560 206
Sau/ammegeit over 1 år pr. 1. jan. (137 og 142)	1-50 51-75 76-100 101-200 201-300	1010 799 799 270 133
Utegangarsau, alle (133)	1-300	180
Lammeslakt (471, 473, 476 og 822 og 823) ³⁾	kvalitet O og bedre kvalitet O- lam slakta ved mindre slakteri ⁴⁾ tillegg for økologiske lam, kvalitet O- og betre	179 63 168 34
Kjeslakt (475)	over 3,5 kg	80
Avlsgris (155 og 156) ²⁾		
- Sør-Noreg	1-35	383
-Jæren	1-35	308
- Nord-Noreg	1-35	526
Slaktegris og gris solgt som livdyr med levende vekt på minst 50 kg (184)		
-Uten om Jæren	1-1400	20
-Jæren ⁶⁾	1-1400	16
Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser (160 og 168) ²⁾		
- Sør-Noreg	1-1 000	5
- Nord-Noreg	1-1 000	12
- landet	1 001-5 000	5
Unghestar under 3 år (115)	alle	1 000

1) Satsen er null kr pr. dyr over dei nemde intervalla

2) For mjølkeku, ammeku, storfe, mjølkegeit, avlsgris, verpehøns og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser er tilskotet ved kvar av søknadsgangane utbetalt etter 50 % av satsen for året. Det er 50%-satsen som er vist her.

3) Sats pr. økologiske lam, kvalitet O og bedre, 213 kr/dyr, kvalitet O-, 97 kr/dyr, lam levert til mindre slakteri 202 kr/dyr

4) Sats utrekna som veid gjennomsnitt av all søknader om tilskot for slakta lam. Dette gjeld dyr i kode 476 i søknad

5) Føresetnad for tilskot til mjølkesau er at det kan dokumenterast at mjølka er nytta som råstoff i lokal foredling.

6) Jæren – kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

Etter jordbruksavtala 2010-2011 kan det gjevast tilskot til husdyr for maksimalt 1 190 000 slakta gris. Det er søkt om tilskot for langt fleire dyr, så tal dyr det vert gitt tilskot for er redusert til 87,75 % av tal dyr i søknad. Dette gjeld kode 184. Til dømes vil ein søkjar som har slakta 1 000 gris i 2010 få tilskot for $1000 \times 87,75 \% = 878$ slakta gris. Tal gris er avrunda etter vanlege reglar for avrunding. **Merk at tal dyr med rett til tilskot òg skal reduserast ved manuelle utbetalingar.**

2.1.3 Særleg om tilskot til slakta lam

For å ta imot tilskot for lammeslakt må slaktet vere klassifisert på godkjend slakteri og av godkjend klassifiserar. Det kan òg verte gjeve tilskot til lam/sau som er levert til mindre slakteri utan godkjend klassifiserar (kode 476). Mindre slakteri er slakteri som slaktar inntil 1 200 sau/lam per år. For dyr i kode 476 i søknaden, vert tilskotet gjeve etter ein sats utrekna etter eit vege gjennomsnitt for kodane 471, 473 og 474.

Mindre slakteri i 2010:

T. Brovold A/S, Storgt. 23, 2335 Stange
Berg Gård, Kjelvikeveien 71, 7670 Kjerkesvågen
Tømmernes Slakteri, Handelshuset Ove A/S, 9156 Storslett
Øre Viltmottak og Eigedom BA, 6631 Batnfjordøra
Hafjell Mat AS, 2636 Øyer
Vinje Slakteri DA, Kingland, 3890 Vinje
Kystlam A/S, Yttersund, 7900 Rørvik
Vikja AS, 6893 Vik i Sogn
Gammelstu Stai Gård, Imsroa, 2480 Koppang
DalPro A/S, Hammerstaddalen, 7250 Melandsjø
Hurran Villsau, 7263 Hamarvik
Prugelhei Gård A/S, Plurheiveien 76, 8615 Skonseng
Værneskjøtt BA, Industriveien 10, 7500 Stjørdal
Stad Gard Sandvik A/S, Sandvik, 6750 Stadlandet
Nesseby Villsauprodukter BA, 9840 Varangerbotn
Voss Gardsslakteri SA, Selheim, 5700 Voss
Sylte Gardsslakteri A/S, 6650 Surnadal

For lam slakta heime o.likn. er det ingen rett på tilskot til husdyr for slakta lam.

Leveransar av slakt må vere rapportert på produsentnummeret til det føretaket som søker produksjonstilskot for å gje rett på tilskot, jf forskrift om produksjonstilskot §7:

"(...)Tilskuddet beregnes ut fra totalt antall dyr som disponeres av foretaket på det tidspunkt eller i den periode som er fastsatt i eller i medhold av jordbruksoppgjøret(...)" Dette inneber at dersom slakt er levert frå andre produsentnummer enn det som høyrer til føretaket som søker tilskot, skal ikkje dyra takast med på søknaden om produksjonstilskot.

Dersom til dømes føretaket til dotter har levert slaktedyr på sitt produsentnummer og føretaket til far søker produksjonstilskot for desse dyra, har føretaket til far ikkje rett på tilskot for dyr som er levert av føretaket til dottera.

Lista PT-1050 "Lammeslakt" gir oversikt over grunnlaget som er brukt i kontroll og utrekning av tilskot for slakta lam. Lista kan vere nyttig for å avdekkje om det er fleire som har levert lammeslakt frå same hovudnummer.

2.1.2 Utrekning av kompensasjon for bortfall av tilskot for søkjarar som deltek i prosjektet "Friskere geiter"

Deltakarar i tiltaket "Friskere geiter" får tilskot for dei dyra føretaket faktisk disponerar på teljedato. Føretaka skal få vederlag for tap av produksjonstilskot og tap av tilskot til avløyning ved ferie og fritid i tiltaksperioden, og det er fylkesmannen som utbetalar dette etter nærare reglar. Meir informasjon om utbetalinga kjem i eige brev til fylkesmannen i dei aktuelle fylka.

2.2 Tilskot til bevaringsverdige storferasar

Endeleg sats er 1 300 kr pr. dyr.

2.3 Driftstilskot til mjølkeproduksjon

	<i>5 kyr eller meir pr. føretak, kr/føretak</i>	<i>4 kyr pr. føretak, kr/føretak</i>	<i>3 kyr pr. føretak, kr/føretak</i>	<i>2 kyr pr. føretak, kr/føretak</i>	<i>1 ku pr. føretak, kr/føretak</i>
Kumjølkk, øvrige Sør-Noreg	46500	37200	27900	18600	9300
Kumjølkk, Jæren ¹⁾	44000	35200	26400	17600	8800
Kumjølkk, Nord-Noreg	49500	39600	29700	19800	9900
		<i>Ved 27 geiter eller fleire pr. føretak, kr/føretak</i>		<i>Redusert utbetaling pr. geit når det er færre enn 27 geiter pr. føretak, kr/geit</i>	
Geitmjølkk			49500		1833

1) Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

For samdrifter gjeld dei same satsane som for vanlige foretak.

For føretak som driv produksjon av både geitemjølkk og kumjølkk, skal driftstilskotet utreknes på den måten som er best for søkjaren. Til dømes vil eit føretak i som har 40 mjølkegeiter og 15 mjølkekyr få driftstilskot til mjølkeproduksjon etter satsen som gjeld for produksjon av geitemjølkk. Eit føretak i Sør-Noreg som har 14 mjølkegeiter og 3 mjølkekyr vil få 48061 kr i driftstilskot til mjølkeproduksjon ($49500 - 1\ 833 \times 13 + 46500 \times 13/27 = 48061$ kr).

2.4 Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Satsane er fastsett til 990 kr pr. ammeku, rekna frå første ammeku, for føretak med 6 til 50 ammekyr, og 49 500 kr pr. føretak for føretak med fleire enn 50 ammekyr.

2.5 Tilskot til økologisk landbruk

Dyreslag	Tilskot til økologisk husdyrproduksjon, kr pr. dyr ¹	
	AK-sone 1-4	AK-sone 5-7
Mjølkeku	775	901
Ammeku	497	685
Andre storfe	150	218
Sau over 1 år pr. 1.1.	220	280
Mjølkegeit	35	45
Ammegeit	70	90
Avlsgris	150	150
Slaktegris	200	200

¹ Tilskotet vert gitt frå og med første søknadsomgangen etter at omlegging startar

For mjølkegeit og ammegeit er det lik sats pr. dyr og år. Ulik sats pr. dyr ved denne utbetalinga skuldast at for mjølkegeit er det to utbetalingar pr. år, for ammegeit ei utbetaling pr. år.

Tal slaktegris med rett på tilskot til økologisk landbruk (kode 831 i søknad) skal ikkje reduserast før utrekning av tilskot. Kapittel 2.1.1 gjeld berre ved utrekning av tilskot til husdyr (kode 184 i søknad).

2.6 Distrikts- og kvalitetstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker og distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Noreg

Grunnlaget for tilskota er produkt levert til godkjente omsetningsledd i perioden 1. januar til 31. desember 2010. Omsetningsleddet må vere godkjent av SLF. Det er ein føresetnad for utbetaling at kvantumet i årsoppgåvene frå omsetningsledda samsvarar med eller er større enn kvantumet i søknaden. Nye/korrigerte årsoppgåver frå omsetningsledd må føre til ei oppdatering av rapport PTG 100 på FM-sambandet. Les meir om dette under kapittel 10 *Særleg om tilskot til grønt- og potetproduksjon.*

Tabell 4: Føretak som samla leverer under følgjande minstekvantum har ikkje rett på tilskot

Produkt	Minstekvantum
Frukt	2 000 kg
Bær	1 000 kg
Samla for tomat og slangeagurk	2 000 kg
Salat	5 000 stk

Distriktstilskot for potetproduksjon i Nord-Noreg har sats på kr 1,05 pr. kg matpotet levert til godkjent omsetningsledd.

Distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker er differensiert mellom grupper av produkt og soner. Tilskotet gis inntil maksimalt kvantum for kvar produktgruppe. I tillegg vert tilskotet avgrensa av ein maksimal sum pr. føretak. Maksimalsummen er differensiert mellom soner, og gjeld alle produksjonane sett under eitt. Dersom det skal tildelast tilskot for fleire produkt innan same produktgruppe med felles maksimalkvantumsavgrensing, skal dei produkta med høgast sats prioriterast først ved utrekning av tilskotet.

Tabell 5: Satsar for distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker

Vekst	Intervall		Eining	Arealsoner						
	Frå	Til		1	2	3	4	5	6	7
Eple	1	50 000	kg	1,45	1,95	1,95	1,95	4,27	0	0
Pærer				1,45	1,95	1,95	1,95	4,27	0	0
Plommer				1,45	1,95	1,95	1,95	4,27	0	0
Kirsebær				1,45	1,95	1,95	1,95	4,27	0	0
Morellar				2,29	2,78	2,78	2,78	5,13	0	0
Bær	1	38 000	kg	1,23	1,23	1,23	2,83	2,83	4,66	4,66
Tomat	1	94 000	kg	1,14	1,14	1,14	2,29	2,29	3,43	3,43
Slangeagurk	1	138 000	kg	0,67	0,67	0,67	1,35	1,35	2,02	2,02
Salat	1	200 000	stk.	0,42	0,42	0,42	0,84	0,84	1,24	1,24
Maksimalbeløp				115 000	139 000	139 000	215 000	256 000	323 000	323 000

Tabell 6: Maksimalkvantum for dei ulike produktgruppene

Produkt	Maksimalkvantum
Frukt	50 000 kg
Bær	38 000 kg
Tomat	94 000 kg
Slangeagurk	138 000 kg
Salat	200 000 stk.

2.7 Tilskot til avløyning ved ferie og fritid, avløysåret 2010

Øvre grense for avløysartilskot i 2010 var 64 000 kroner.

2.7.1 Satsar

I jordbruksavtalen 2010-2011 auka øvre grense til 64 000 kroner.

Tabell 7: Tilskot til avløsning ved ferie og fritid. Endelege satsar pr. dyr for 2010

<i>Dyreslag (dyrekode på søknadsskjema)</i>	<i>Intervall</i>	<i>Sats kr/dyr</i>
Mjølkekyr (120)	1-8 over 8 dyr	3 555 2 413
Storfe (119)	Alle dyr	513
Mjølkegeiter og mjølkesauer (140, 139)	1-40 over 40 dyr	845 565
Ammekyr (121)	Alle dyr	788
Sauer over 1 år / ammegeiter (137,142)	Alle dyr	446
Avlsgrisar (155,156)	Alle dyr	1016
Slaktegrisar (184)	Alle dyr	36
Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser (160, 168)	Alle dyr	8,9
Hestar (115,116)	Alle dyr	1016
Avlskaninar (180)	Alle dyr	253
Gjæser/kalkunar (188, 189)	Alle dyr	3,12
Ender/livkyllingar (185,187)	Alle dyr	3,12
Slaktekyllingar (186)	Alle dyr	0,38
Økologiske slaktekyllingar (840)	Alle dyr	1,49
Revetisper (171)	Alle dyr	279
Mink-/ildertisper (170)	Alle dyr	82
Hjort	Alle dyr	345

2.7.2 Lister i samband med utbetalinga

PT5040 Hovudlista

Utbetalt avløysartilskot i juni 2011 vil stå på hovudlista PT5040.

PT1001C Feilliste inputkontroll

Føretak som er feil- eller varselmelde står i liste PT1001C.

AVL423 Avviksliste kontroll mot Skattedirektoratet

Avvikslista etter kontroll mot løns- og trekkoppgåveregisteret i Skattedirektoratet er lagt ut på FM-sambandet, og er tilgjengeleg i Wespa.

Ver merksam på at føretak som søker om avløysartilskot for bruk av eigen avløysar, og ikkje har innberetta løns- og trekkoppgåve til kommunekasserar, ikkje står på liste AVL423. I tilskotsbrevet står det at søknaden er avslått, fordi kontroll av utgifter viser at føretaket ikkje har hatt utgifter til avløsning i 2010.

AVL424 Kontroll mot avløysarlag

Avvikslista etter kontroll mot opplysningar frå avløysarlag er lagt ut på FM-sambandet, og er tilgjengeleg i Wespa.

AVLE900 Hovedliste oppstart nytt år

Denne lista viser førebels maksimal refusjon for alle føretak i 2011. Lista er lagt ut på FM-sambandet, og vil verte tilgjengeleg i Wespa.

2.7.3 Jordbruksavtalen 2011-2012

I tilskotsbrevna som vert send ut i juni 2011 vert søkjarane orientert om kva dei har i maksimalt avløysartilskot for 2011, utrekna etter førebelse satsar i jordbruksavtalen 2011-2012. Satsane er auka med 4 %, og maksimalbeløpet er sett til 66 000 kr/føretak.

Tabell 8: Tilskot til avløysing ved ferie og fritid, førebelse satsar for 2010

<i>Dyreslag (dyrekode på søknadsskjema)</i>	<i>Intervall</i>	<i>Sats kr/dyr</i>
Mjølkekyr (120)	1-8 over 8 dyr	3 697 2 510
Storfe (119)	Alle dyr	534
Mjølkegeiter og mjølkesauer (140, 139)	1-40 over 40 dyr	879 588
Ammekyr (121)	Alle dyr	885
Sauer over 1 år / ammegeiter (137,142)	Alle dyr	464
Avlsgrisar (155,156)	Alle dyr	1 057
Slaktegrisar (184)	Alle dyr	37
Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser (160, 168)	Alle dyr	9,3
Hestar (115,116)	Alle dyr	1 057
Avlskaninar (180) ¹	Alle dyr	263
Gjæser, kalkunar (188, 189)	Alle dyr	3,24
Ender, livkyllingar (185, 187)	Alle dyr	3,24
Slaktekyllingar (186)	Alle dyr	0,40
Økologiske slaktekyllingar (840)	Alle dyr	1,55
Revetisper (171)	Alle dyr	290
Mink-/ildertisper (170)	Alle dyr	85
Hjort (181)	Alle dyr	359

3 Særleg om tilskot ved overdraging av verksemd

3.1 Produksjonstilskot

For tilskot utrekna med grunnlag i omsetting føregåande år, det vil seie tilskot for slakta lam, kje og gris, samt tilskot til grønt- og potetproduksjon, er det særskilde reglar ved overdraging av verksemd.

Ved overdraging av verksemd kan søkjarar, som anten ikkje fyller forskrifta sitt krav til å drive vanleg jordbruksproduksjon, eller kravet til å ha produsert produkta det vert søkt tilskot

¹ Hokanin for kjøtt- eller ullproduksjon som har født minst eitt kull

for, likevel få tilskot. Eit føretak som har lagt ned produksjonen det føregåande året kan altså få tilskot for leverte produkt, sjølv om føretaket ikkje fyller forskrifta sitt krav til å drive «vanleg jordbruksproduksjon» på registreringsdato. Det er fylkesmannen som kan dispensere frå kravet om «vanleg jordbruksproduksjon», og merke søknaden i særskilt rutine med tilhøyrande dispensasjonskode 40 «Vanleg jordbruksproduksjon». Søknadane vert da ikkje feil- eller varselmelde i inputkontrollen.

På same viset kan fylkesmannen dispensere frå kravet om at det er det føretaket som har levert produkta som kan få tilskot for dei. Søknadane skal merkast i særskilt rutine med dispensasjonskode 41 «Disponere dyr», og vil måtte få ei korrigerande utbetaling i ettertid.

3.2 Tilskot til avløyning ved ferie og fritid ved overdraging av verksemd i 2010

Sakshandsamaren kan registrere overdraging av verksemd som skjer i løpet av året, i Wespa, så fram overdraginga skjer mellom enkeltpersonføretak i tidsrommet etter 1. januar 2010 og før 1. januar 2011, og begge føretaka har søkt.

Dersom det har vore overdraging av verksemd i 2010 som ikkje er registrert, og det nye føretaket søker om avløysartilskot for 2010, vil søknaden bli stoppa. Dersom det gamle føretaket har fått utbetalt heile beløpet for 2010, kan gammalt og nytt føretak greie opp seg i mellom, dersom det er mogleg.

Dersom det ikkje er aktuelt at gammalt og nytt føretak greier opp seg i mellom, kan det gjerast ei manuell utbetaling til det nye føretaket.

Det skal ikkje betalast ut meir enn maksimal refusjon samla for gammalt og nytt føretak. Dersom det gamle føretaket har fått utbetalt for mykje, må kommunen fatte vedtak om tilbakebetaling av for mykje utbetalt avløysartilskot for 2010. Sjå nærare om dette i rundskriv 60/07.

4 Reduksjonar i tilskot

Det vert utrekna eit botnfrådrag, 3 000 kr pr. føretak pr. år. Så langt det var mogleg vart botnfrådraget trekt ved utbetalinga i februar. Det same gjeld reduksjon grunna manglande eller mangelfull miljøplan:

Areal, daa	Reduksjon, kr
< 250	8 000
251 – 500	12 000
> 500	18 000

Eventuell rest av botnfrådrag og reduksjon grunna manglande miljøplan vert trekt ved utbetalinga 8. juni.

Minste beløp som vert utbetalt er kr 300. Dette gjeld sum produksjonstilskot og tilskot til avløyning.

Ved den sentrale utbetalinga vil SLF setje i verk trekk for søknader som er levert for seint, med 1000 kr pr. vyrkedag frå og med 21. januar. Søknader som er levert 21. februar eller seinare er avvist, med mindre føretaket har dispensasjon frå søknadsfristen. Kommunen og fylkesmannen må sørgje for at dette blir sett i verk òg ved utbetaling etter hovudutbetalinga (manuelle utbetalingar).

5 Kravet om registrering i Einingsregisteret og storleik på omsetnad

Søklarane må vera registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen, og anten vere registrert som meirverdiavgiftspliktig innan søknadsfristen, eller ha hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum kr 20 000 i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdatoen. SLF har òg gjort ein ekstra kontroll mot Skattedirektoratet sitt interne register, for å fange opp eventuelle føretak som er meirverdiavgiftspliktige, utan å vera registrert i Meirverdiavgiftsregisteret.

6 Søknader som vert avslått og avvist

Søknader med feilmelding (jf. lista PT-1003):

635 *Søknaden er avslått, foretaket ikke opprettet innen søknadsfristen*

636 *Søknaden er avslått, foretaket ikke i MVA-registeret innen søknadsfristen*

vert avslått direkte, det vil seie at søklarane mottek vedtak om avslag i tilskotsbrevet ved hovudutbetalinga av produksjonstilskot. Føretaka fyller ikkje § 3 i forskrifta om å vere føretak innan søknadsfristen og vera registrert i Meirverdiavgiftsregisteret innan søknadsfristen, eller ha hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum 20 000 kr i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdatoen.

Søknad frå føretak som ikkje var oppretta innan søknadsfristen får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

”Søknad er avslått fordi føretaket ikkje var registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3.”

Søknad frå føretak som ikkje var registrert i Meirverdiavgiftsregisteret innan søknadsfristen, eller som ikkje har hatt samla omsetning og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til

saman minimum kr 20 000 i løpet av dei siste 12 månader før registreringsdato, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

"Søknad er avslått fordi føretaket ikkje var registrert som meirverdiavgiftspliktig innan søknadsfristen 20. januar, eller har hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum kr 20 000 i løpet av perioden 01.01.2010 - 31.12.2010, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3."

Søknader med feilmelding:

650 Mottatt dato er etter 21.02.

vert avvist direkte, og søkjarane får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

"Søknaden er avvist fordi søknaden vart levert 21. februar eller seinare. Det er ikkje innvilga dispensasjon frå søknadsfristen, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket §§ 9 og 10."

Søknader med feilmelding:

637 Søknaden avslått av kommunen

får ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avslag, dersom dette ikkje allereie er gjort.

Søknader med feilmelding:

639 Søknaden avvist av kommunen

får ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avvising dersom dette ikkje allereie er gjort.

Avløysarsøknader med feilmelding:

644 Stoppet avløysarsøknad

vert avslått direkte, og søkjarane mottek vedtak om avslag i tilskotsbrevet.

Søknader som er stoppa i inputkontrollen med feilkode 245 og 246, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

"Søknad om avløysartilskot for 2010 er avslått etter kontroll av utgifter og opplysningar i søknaden. Resultatet av kontrollen viser at du ikkje har hatt utgifter til avløysing i 2010.

Opplysningar om utgifter til avløysar, der søkjar har arbeidsgjevaransvar, er kontrollert mot løns- og trekkoppgåveregisteret i Skattedirektoratet. Opplysningar om kjøp av avløysar-tenester frå avløysarlag er kontrollert mot opplysningar frå avløysarlag."

Søknader som er stoppa i inputkontrollen med feilkode 247, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

"Søknad om avløysartilskot for 2010 er avslått på grunn av at du ikkje var rettkomen avløysartilskot i 2010."

Søknader som er stoppa i inputkontrollen med feilkode 256, 257, 258, 259 eller 260 får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

"Søknad om avløysartilskot er stoppa. Ta kontakt med kommunen for nærare opplysningar."

Ver difor merksam på at søkjarar som har fått denne teksten tar kontakt med kommunen, for å få ei avklaring på kvifor dei ikkje får utbetalt avløysartilskot.

7 Søknader som er stoppa

Søknader som er stoppa frå den sentrale utbetalinga, må vurderast nærare, før vedtak kan fattast og utbetaling eventuelt kan skje. Lista PT-1003 syner kva søkjarar dette gjeld og kva som er årsak til stopp. Dette gjeld søknader med meldingane:

- 607 *Kontrollskjema reg. mangler ord. søknadsskjema*
- 608 *Kontrollskjema er ikke registrert*
- 609 *Søknadsskjema feilmeldt, men ikke rettet*
- 610 *Kontrollskjema feilmeldt, men ikke rettet*
- 621 *Utbetaling stoppet pga ugyldig postnr/adresse*
- 645 *Søknaden stoppet av fylkesmannen*
- 646 *Pålagt kontroll er ikke utført*

Dei aktuelle søkjarane får tilsendt eit tilskotsbrev samtidig med at hovudutbetalinga går, der dei vert varsla om at det er tilhøve ved søknaden som må undersøkjast nærare:

” Søknaden om produksjonstilskot pr. 20.01.11 er registrert, men det er oppdaga forhold ved søknaden som må undersøkjast nærare. Dette vil kommunen starte med snarast. De vil få melding så snart søknaden er handsama.”

Ved vurderinga av slike søknader skal det takast utgangspunkt i situasjonen på registreringsdato 1. januar 2011 og sjå om føretaket stettar krava i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket og forskrift om tilskot til avløyising.

8 Trekk i utbetalningar

Føretak med trekk i utbetalinga på grunn av motrekning, utlegg, tidlegare for mykje utbetalt tilskot eller erstatning, får dette spesifisert på tilskotsbrevet. Fylkesmannen har tilgang til lister på FM-sambandet, som syner kven dette gjeld. Dersom fylkesmannen skal utbetale tilskot manuelt etter klage eller feil, må ein gjere seg kjend med desse listene på førehand. Der eit føretak har heftingar i form av til dømes motrekning og utlegg, skal dette leggjast inn i rutine for manuell utbetaling og effektuerast, jf. rettleiinga. Sjå listene PT880, PT883 og PT886.

Vi gjer merksam på at det ikkje er høve til å foreta trekk i avløysartilskot. Det er fordi ordninga er ei refusjonsordning, som skal sikre føretaka moglegheit til ferie og fritid. Derfor kan det gå fram i tilskotsbrev at heile produksjonstilskotet er trekt, medan avløysartilskotet vert utbetalt til føretaket eller eventuelt til avløysarlaget.

PT880 Gjenstående trekk SLF/skjema

Desse trekka vert overførte automatisk til neste søknadsomgang. Dersom dei skal slettast, skal fylkesmannen gjere dette i trekkrutina i Saturn.

PT883 Innmelde trekk

Lista viser søknader med trekk, som ikkje kjem til sentral utbetaling.

PT886 Gjenstående trekk, motrekningar/skatt/mva/utlegg

Lista viser søknader som er utbetalt, og storleiken på attståande trekk av moms/skatt/utlegg. Lista viser også slike søknader som framleis ikkje er ferdig handsama. Attståande trekk skal effektuerast i manuelle utbetalningar i inneverande periode, men vert ikkje overførte til neste søknadsomgang. Det er fordi det ikkje er høve til å motrekne i framtidige tilskot: krav kan ikkje oppstå før søknadsfrist, og søknad må vera levert til kommunen.

Merk at fylkesmannen må gje tilbakemelding til Statens landbruksforvaltning, dersom attståande eigne trekk (sjå listene PT-880 og PT-883) skal slettast. Dette er viktig for at attståande trekk skal verte sletta før neste utbetaling.

9 Utbetalningar etter sentral utbetaling (manuelle utbetalningar)

Det vert vist til rundskriv 27/10 og 46/10 der saksbehandlingsrutinar er beskrive.

Etter den sentrale utbetalinga startar arbeidet med manuell behandling. Kommunen må gå gjennom listene som SLF har produsert ved den sentrale utbetalinga. Liste PT-1003 syner søknader som har blitt stoppa, fordi dei inneheld feil som ikkje har blitt retta opp i løpet av saksbehandlinga. Kommunen må så snart som råd fullføre behandlinga av desse sakene. Utbetalningar på slike saker må prioriterast. Eventuelle feil i utbetalningar som har gått må rettast. Dersom søkjaren meiner å ha rett til høgare tilskot enn det som er betalt ut, må vedkommande i samband med ein klage dokumentere at grunnlaget for utbetalinga er feil. Kommunen kan ta opp saker til behandling etter eige initiativ eller etter klage frå søkjaren, jf. forvaltningslova kap. VI. Dersom kommunen finn grunnlag for ei større utbetaling, skal det fattast eit vedtak som vert sendt søkjaren. I vedtaket skal kommunen grunngje kvifor søkjaren får høgare utbetaling.

Det er fylkesmannen som betaler ut tilskotet ved manuell utbetaling.

SLF vil i etterkant samanlikne manuelle og maskinelle berekningar, for å sikre at utbetaling av tilskot skjer i tråd med retningslinjene. Dersom kontrollen viser at det er utbetalt for mykje tilskot, skal dette betalast attende. Sjå forskrift om produksjonstilskot, § 14 og rundskriv 60/07 om tilbakebetaling av for mykje utbetalt tilskot og erstatning.

9.1 Ny rutine for manuelle utbetalningar

Ny rutine for manuelle utbetalningar er førebels ikkje klar til bruk. Fram til den nye rutina er ferdig skal den gamle rutina for manuelle utbetalningar (RuLUt) nyttast.

9.2 Rutine for manuelle utbetalningar

Rutine for manuelle utbetalningar vert etter planen distribuert til fylkesmannen 14 juni. Rutina gjeld både produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Meir informasjon vert sendt som e-post til fylkesmannen.

9.3 Hjelpeutrekning

For å hjelpe arbeidet med å rekne ut korrekt tilskotsbeløp for produksjonstilskot, tilbyr SLF hjelpeutrekning for registrerte søknader. På grunnlag av registrerte opplysningar vert det rekna ut brutto tilskot, oppdelt på aktuelle heimlar. Resultatet av utrekninga vert presentert for fylkesmannen i tilskotsbrevrapport PT-2210 og rapportane PT-890 og PT-891, som vert lagt på FM-sambandet. Fylkesmannen kan deretter nytte desse for registrering av beløp til utbetaling.

Hjelpeutrekninga gjeld òg avløysartilskot. Søknader som blir registrert i rutine for manuelle utbetalningar, vil få rekna ut maksimal refusjon for 2011 i hjelpeutrekninga. Ver merksam på at det er førebels satsar for 2011. Dei endelege satsane blir fastsett før utbetalinga i 2012.

For at data skal kome med i hjelpeutrekningane, må registreringa vere avslutta innan kl 12.00 dei datoane som er vist i tabellen under. Hjelpeutrekningane vert køyrd om ettermiddagen, og resultatata vil normalt vere klare dagen etter.

<i>Frist for registrering</i>	<i>Resultat klart</i>
Måndag 20.6. kl 12.00	Torsdag 23.6.
Måndag 27.6. kl 12.00	Tysdag 28.6.
Måndag 4.7. kl 12.00	Tysdag 5.7.
Måndag 11.7. kl 12.00	Tysdag 12.7.
Måndag 15.8. kl 12.00	Tysdag 16.8.
Måndag 22.8. kl 12.00	Tysdag 23.8.

9.4 Køyning av manuelle utbetalningar

SLF køyrer utbetaling tysdagar og torsdagar. Utbetalingane vert gjennomført med grunnlag i fylka sine registreringar.

SLF hentar ajourhaldsdataene **torsdag 1. september**. Alle manuelle utbetalningar bør vere gjennomført innan denne datoen. Data registrert etter denne datoen vert ikkje overført til SLF.

Merk at data frå søknader som ikkje er ferdig handsama av fylkesmannen før 1. september ikkje vert tilgjengelege i LIB.

10 Særleg om tilskot til grønt- og potetproduksjon

Rapporten PTG 100 på FM-sambandet syner fylkesvis kva føretaka har levert av produkt pr. omsetningsledd. Denne rapporten skal oppdaterast av Fylkesmannen, når det i samband med manuelle utbetalningar eller dispensasjonssøknader kjem korrigerte/nye årsoppgåver frå omsetningsledd. Det er viktig at rapport PTG 100 vert oppdatert etter kvart. Ved hjelpeutrekninga vert søknadene kontrollert mot rapporten. Merk at det ikkje lenger er krav om revisorattestasjon av årsoppgåvene.

Med helsing
for Statens landbruksforvaltning

Håvard Gulliksen
seksjonssjef

Bjørn Theodor Halle
seniorrådgiver